



RADØY KOMMUNE
AUSTEBYGD BARNEHAGE
Slettevegen 872, 5939 SLETTA

Sletta, juni 2015

Til heimane.

VELKOMMEN TIL AUSTEBYGD BARNEHAGE TIL HAUSTEN - SMÅ OG STORE!

Barnehagen startar opp barnehageåret 15/16, med **måndag 17.august som første dag for borna.**

Personalet begynner torsdag 13. og fredag 14. august med to planleggingsdagar. Sjå også vedlagde skule- og barnehagerute for Radøy kommune.

Pr. dato her me ingen ledige plassar i Austebygd barnehage, og **22 barn** har fast plass her frå oppstarten av nytt barnehageår.

NYE BARNEHAGEBARN: OVERGANG HEIM / BARNEHAGE .

Overgang frå heim til barnehage kan vera vanskeleg for mange barn. Det er difor viktig å leggja tilhøva til rette slik at borna gradvis kan venna seg til det nye miljøet med mange ukjende ansikt. Me vil difor rå til at foreldra eller andre nære er ei tid i barnehagen saman med borna dei første dagane. Dei nye borna bør og få tilpassa seg med ei kortare opphaldstid dei første dagane.

Dersom barnet grin eller er redd når du/de forlet det: Hugs at dette er ein normal reaksjon som vil forsvinna med støtte og omsorg frå dei som kjem til å vera med barnet kvar dag. Etter dei første dagane, er det best at du/de gjer «morgon-adjøane» korte: Hjelp barnet med å pakka ut ranselen, ta av jakke og sko. Snakk om kvar du/de skal når du/de går, og når du/de kjem tilbake. Sjølv om barnet grin, er det viktig at barnet ser at mor / far syner at dei er trygge for barnet.

TIDER.

Barnehagen si ordinære opningstid er frå kl. 07.30 til kl. 16.30, men me gir tilbod om event. å opna kl. 07.00 for dei som treng dette. Her krevst det skriftleg påmelding! Ingen kan uansett gå meir enn 9 timar kvar dag.

Kjernetida i barnehagen er kl. 09.30 -14.00. Det er ein fordel at alle borna er i barnehagen i denne tida. I kjernetida føregår dei tilrettelagde aktivitetane: Formings- og tema-aktivitetar, samlingsstunder, måltida, turar, o.s.b. Dersom born kjem i barnehagen midt i gjennomføringa av slike felles-aktivitetar, vert det lett uroleg og kan skapa problem både for det enkelte barn – og for det arbeidet personalet har planlagt i kjernetida. Personalet sitt mål om alltid å ta i mot borna og foreldra i garderoben, vert også mykje vanskelegare dersom barnet først kjem i den tida personalet har starta opp med planlagde gjeremål og er opptatt i lag med ungane. Dersom barnet likevel kjem etter kl. 9.30, t.d. grunna tannlege-, legebesøk eller anna, **gje då personalet beskjed om dette på førehand. Ring også alltid og meld frå dersom barnet vert borte frå barnehagen, t.d. på grunn av sjukdom. Meld også frå på førehand om det er andre enn foreldra som skal henta barnet.**

INFORMASJONSSKRIV, HEIMESIDER, m.m.

Pedagogisk leiar vil gjennom året jamnleg senda heim skriv med informasjon om kva tema og aktivitetar barnehagen skal arbeida med og ha fokus på. *Sjå også kvar dag etter kva som står på «whiteboard-tavla» i garderoben – og event. etter annan informasjon som vert hengt opp, t.d. på døra eller tavla attmed døra..*

Styrrar vil også koma med ein del skriftleg informasjon til heimane i løpet av barnehageåret.

Sjå også barnehagen sin heimesider på: www.radoy.kommune.no. Gå vidare inn på Barnehage – Barnehagar og deretter Austebygd barnehage. Her vil det dei fleste vekene bli lagt ut litt stoff med glimt frå ”dagleglivet” i barnehagen.

På heimesidene finn de også meir generell informasjon.

Av og til treng personalet å koma i kontakt med foreldra i løpet av dagen. Gje difor beskjed dersom de ikkje vert å treffa på dei telefonnummera som er oppgitt til barnehagen.

MÅLTIDER.

Barnehagen har to faste måltid for dagen: Hovudmåltid ca. kl. 11.00 og frukt ca. kl. 14.30. I tillegg er det høve til å eta frukost fram til kl.09.00 for dei som kjem tidleg. *Til frukosten og til turdagar må borna ha med eigen matpakke.*

Barnehagen kjøper inn mat, mjølk og frukt, og borna får eit smørje-måltid eller eit varmt måltid ved hovudmåltidet midt på dagen. **Me har fokus på eit sunt og variert kosthald i kvardagen. Også ulik feiringar/markeringar vil til vanleg bli gjennomførte utan servering av søt og feit mat og søt drikke.**

Me har smørjemåltid alle dagar utanom turdagen. (Varm mat ein dag i veka). Desse måltida vert finansiert av dei månadlege matpengane som dekkjer smørjemåltid, middagar, mjølk, frukt, fødseldagsfeiringar, baking, o.l.

Kommunestyret vedtek betalingssatsane.

Frå 01.01.15 er matpengane for 5 dg/plass kr. 328,- pr. måned.

De vil få tilsendt bankgiroar frå Radøy kommune/Økonomikontoret på foreldrebetalinga og på matpengane.

GEBYR VED FOR SEIN HENTING.

Radøy kommunestyre har vedteke det skal krevjast inn eit gebyr på *kr. 100,- pr. påbegynt halvtime* ved for sein henting i barnehagane og på SFO.

DETTE MÅ DE SENDA MED BARNET I BARNEHAGEN:

1. Eit ekstra klesskifte: Undertøy, sokkar, strømpbukse, gensar, bukse.
2. Innesko: Sandalar er fine å bruka til innesko! (Ikkje crocs.) (*Viktig at det alltid vert brukt innesko, både p.g.a av innemiljøet, og sidan golva kan vera glatte.*)
3. Bleier dersom barnet brukar det (men **IKKJE** trusebleier).
4. Niste til frukost - om barnet et dette måltidet i barnehagen.
5. Matpakke til turdagen.
6. Regnklede (jakke, bukse, støvlar.)

NB! Ver snill å sjå til at alt tøy de sender med i barnehagen er merka med namnet til barnet.

BILKØYRING VED LEVERING OG HENTING I BARNEHAGEN.

- Det er **KUN** tillatt å køyra opp på skuleplassen ved levering når barnehagen startar om morgonen. Ein må då vera tidleg ute, og bilen må vera nede på parkeringsplassen att seinast kl. 07.40.
- Ved henting om ettermiddagen er det er ikkje tillatt å køyra opp.
- Foreldre må parkera nede på parkeringsplassen "for gjestar".
IKKJE parker i bakken verken ved levering eller henting!
OBS! Den nye parkeringsplassen er personalet sin parkeringsplass!



Porten inn til skuleplassen skal vera stengt frå kl. 07.40 og resten av dagen. Det er viktig at reglane for bilkøyringa og kor ein skal parkera vert respekterte, sjølv om porten av ein eller annan grunn skulle stå open!

Andre viktige påminningar for tryggleiken til elevar og barnehageborn.

Ber også om at ingen køyrer heilt opp til barnehage-bygget ved levering om morgonen, men parkerer ved muren på den store skuleplassen. **Køyr alltid sakte**; det nye lagertilbygget på skulen gjer at det no er mykje mindre oversiktleg enn tidlegare når ein køyrer inn på skuleplassen

For tryggleiken til borna i barnehagen og på SFO: Gå aldri frå bilen på skuleplassen eller på parkeringsplassen med motoren i gang eller bilnøklane i, når de skal levera borna dykkar.

*Desse avgrensingane har me kun med eitt mål for auga:
Å SIKRA TRYGGLEIKEN TIL DINE - OG ALLE ANDRE SINE BORN!*

SAMARBEID MED SKULEFRITIDSORDNINGA PÅ SKULEN.

Barnehagen samarbeider med skulefritidsordning (SFO), om morgonen før skulestart, og frå kl. 15.30 på ettermiddagen. Elevar som skal på morgon-SFO, møter alltid opp i barnehagen når dei kjem.

PERSONALET I BARNEHAGEN.

Dei som skal arbeida i Austebygd barnehage komande barnehageår:

Pedagogisk leiar:	<i>Ann Veronika Kaland</i>	(68 %)	tlf. priv. 474 15 960
Barnehagelærer/ped..leiar:	<i>Iren Vestheim Johansen</i>	(60 %)	tlf. priv. 480 56 097
Barne- og ungd.arbeidar	<i>Marit Tvedt Ervik</i>	(80 %)	tlf. priv. 930 29 556
Barne- og ungd.arbeidar	<i>Ingrid Rikstad</i>	(100 %)	tlf. priv. 950 08 082
Konst. barnhagelærer	<i>Veslava Romanovskaja</i>	(100 %)	tlf. priv. 463 71 922
Barne- og ungdomsarbeidar:	<i>Sissel Soltveit</i>	(60 %)	tlf. priv. 56372177

Reinhaldarar: *Dagrunn Skauge Mjøs* (3 dg/v) tlf. priv. 56372207
Felles reinhaldar m/skulen (2 dg/v)

Undervisningsinspektør: *Vigdis Villanger* tlf. priv. 56370271
Styrrar: *Torunn Tolleshaug Hovden* tlf. priv. 56371278

Styrrar og inspektør har arbeidsområda sine tilknyta både skulen og barnehagen.

Gje eit ord til *Ann Veronika, Vigdis* eller *Torunn* om barnet dykkar vil starta opp litt seinare enn den ordinære barnehagestarten 17. august.

Dersom de har spørsmål, er det berre å kontakta oss!

Tlf. nr. til Austebygd barnehage: 56349142
Tlf. nr. til Austebygd skule: 56349145

Vigdis og *Torunn* har kontor på skulen - og er til vanleg lettast å nå på 56349145

ØNSKJER ALLE EIN GOD SOMMAR!

Venleg helsing

Torunn Tolleshaug Hovden
Torunn Tolleshaug Hovden
styrrar

VEDLEGG:

Til alle:

- Barnehage- og skulerute for 15/16
- Helseskjema

Til dei som har «nye» barnehageborn til hausten:

* Telefonregister

Ber om at skjemaene vert levert ferdig utfylte i barnehagen med det same barnet begynner til hausten.

TIDLEG OPNINGSTID I BARNEHAGANE I RADØY.

Den daglege opningstida i barnehagane er kl. 07.30 – kl. 16.30.
Radøy kommune har ei ordning med høve til utvida opningstid i den einaskilde barnehagen, innafor følgjande rammer:

1. Utvidinga gjeld tidleg start (tidlegast kl 07.00)
2. Dei foreldra som skal delta i ordninga med tidlegere oppstart enn kl. 07.30, må gje barnehagen **skriftleg melding på førehand om kva dagar dei ønskjer å levera tidlegare.**
3. Maksimal opphaldstid i barnehagen er 9 timer pr. dag.

Ber om at **dei som ynskjer å nytta seg av tilbodet**, leverer inn skjemaet **snarast**, slik at dei tilsette kan få oversikt over arbeidstidene sine til hausten - før dei går på ferie.

Torunn Tolleshaug Hovden
styrar

Klipp her

Eg/me ynskjer å nytta barnehagetilbodet frå kl 07.____ til kl. 16.____

o måndag o tirsdag o onsdag o torsdag o fredag

Namn på barn:.....

Namn på barn:.....

Dato / 2015

.....
Underskrift føresette

.....
Underskrift føresette



Erklæring om helsetilstand

Barnehage

Barnet	Namn		Fødselsnr.
	Adresse		Tlf.nr.
Føresette	Namn		Adresse
	Namn		Adresse
Syskjen	Kor mange	Alder	
Kven kan kontaktast når barnet er i bhg	Namn		Adresse
	Namn		Adresse
Opplysningar om barnet.			

Sjukdomar barnet har hatt.	Kikhoste	Ja	Alder	Bronkitt	Ja	Alder	Meslingar	Ja	Alder
		Nei			Nei			Nei	
	Astma	Ja	Alder	Kusma	Ja	Alder	Eksem	Ja	Alder
		Nei			Nei			Nei	
	Raude hundar	Ja	Alder	Dårleg syn.	Ja	Alder	Vannkoppar	Ja	Alder
		Nei			Nei			Nei	
	Nedsett høyrsel.	Ja	Alder	Skarlagensfeber.	Ja	Alder	Forstopping	Ja	alder
		Nei			Nei			Nei	
	Øyrebetennelse.	Ja	Alder	Krampar	Ja	Alder			
		Nei			Nei				
Andre sjukdomar.									
Helsestasjon e.l.	Namn								
	Adresse							Tlf.nr.	
Vaksning	Vaksine	Barnet sin alder.			Vaksine	Barnet sin alder.			
		Dose 1	Dose 2	Dose 3		Dose 1	Dose 2	Dose 3	
	Trippel (Infanrix)				MMR (meslingar, kusma, raude hundar)				
	Hib				BCG				
	Polio				Hep. B				
Andre opplysningar									
Av omsyn til eige og andre sine born, må barnet vere friskt når det er i barnehagen.		Dato		Underskrift					



Ferie og fridager for skular og barnehagar 2015-2016

Elevfrie dagar i grunnskolen

Barnehagane sine plandagar
(barnehagane er stengt)

august 2015

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

SFO-start måndag 3. august (sommarope)

Skule og barnehagestart måndag 17. august

Barnehagane er stengt 13. og 14 august

september 2015

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

oktober 2015

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
40				1	2	3	4
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

Haustferie 5. - 9. oktober

november 2015

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

Elevfri og barnehagar stengt 6. november

desember 2015

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

Siste skuledag før juleferien 21. des.

januar 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
53					1	2	3
1	4	5	6	7	8	9	10
2	11	12	13	14	15	16	17
3	18	19	20	21	22	23	24
4	25	26	27	28	29	30	31

Første skuledag etter juleferien 4. jan

februar 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5	1	2	3	4	5	6	7
6	8	9	10	11	12	13	14
7	15	16	17	18	19	20	21
8	22	23	24	25	26	27	28
9	29						

Elevfri og barnehagar stengt 5. februar

mars 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9		1	2	3	4	5	6
10	7	8	9	10	11	12	13
11	14	15	16	17	18	19	20
12	21	22	23	24	25	26	27
13	28	29	30	31			

Påskeferie 21. mars - 28. mars

Vinterferie 29. mars - 1. april

Barnehagar stengt frå 12.00 23. mars

april 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
13					1	2	3
14	4	5	6	7	8	9	10
15	11	12	13	14	15	16	17
16	18	19	20	21	22	23	24
17	25	26	27	28	29	30	

mai 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
17							1
18	2	3	4	5	6	7	8
19	9	10	11	12	13	14	15
20	16	17	18	19	20	21	22
21	23	24	25	26	27	28	29
22	30	31					

Elevfri og barnehagar stengt 6. mai

juni 2016

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
22			1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11	12
24	13	14	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28	29	30			

Siste skuledag før ferien 17. juni

Skulane legg til saman 6 plandagar på elevfrie dagar i tida 10.08.15 - 24.06.16

Siste elevdag før jul og sommar følgjer skuleruta. Skulane sluttar etter 4. time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar er å sjå på som ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

Om ein skule ønskjer å flytte på ein eller fleire av dei felles elevfrie dagane, føreset det drøfting i dei lokale rådsorgana.

Skulen må sjølv ta kostnadene ma. med organisering av skuleskyss. Skulen søkjer rådmannen om endring innan 1.

september i skuleåret. Skulen skal til vanleg ikkje ha obligatorisk undervisning/aktivitet på kveldstid jf. Forskrift til

Opplæringslova §1-6. Rådmannen vil presisera at flytting av undervisningstid må vere grunngeven i skulen sine planar og

viser ellers til vedtekne retningslinjer. Dersom ein barnehage ønskjer å flytta ein plandag, gjeld reglane for skule så langt dei høver.